

01.26. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 29.01.26 Kl. 19.00-20.10

Desse møtte: Lenie Hoogerbrugge, Lillian H. Fosse, Tor-Håkon Berge, Jorunn B. Lillefosse, Kjell J. Hoff, Renate B. Nernes, Margun M. Tordal.

Forfall: Vetle K. Eide.

Jorunn hadde ord for dagen, eit salmevers av Liv Nordhaug.

Sak 01/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 04.12.25.

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøtet 04.12.25 vart vedteke.

Sak 02/26: Meldingar.

Vedtak: Framlagde meldingar vart tekne til vitande.

Sak 03/26: Konsert med profesjonell artist. Kva betalingsmodell skal soknerådet velja?

Vedtak: Soknerådet gjev jubileumsnemnda ansvar til å avgjera dette.

Sak 04/26: Konfirmasjonsfest hausten -26?

Vedtak: Dersom 50-års jublantane går inn for ein jubileumsfest hausten -26, vil soknerådet fylgja opp med å vera arrangør for denne. Me kan berre vera arrangør dersom jubileet blir sundag 27.09. kl.11.00.

Sak 05/26: Kyrkjemusikalsk arbeid. (Sak frå kyrkjevevja. Sjå vedlegg.)

Vedtak: Soknerådet går inn for å fylgja forslaget til kyrkjevevja om å setja inn ein valfri sum til kyrkjemusikalsk arbeid i budsjettet vårt, og overføra denne til kyrkjevevja sin konto kvart år.

Sak 06/26: Rekneskap. Oversikt. Til orientering.

Vedtak: Rekneskap slik det framligg blir teke til vitande.

SAK 07/26: Årsmøte i kyrkjelyden. Tidspunkt. Saker.

Vedtak: Strandebarm kyrkjelyd held sitt årsmøte 22.03.26 etter gudstenesta kl.11.00.

Sak 07/26: Eventuelt.

Jorunn B. Lillefosse.

Ref.